



AGDER
fylkeskommune

Bykle


Utval statistikk for gjennomgåande tema i regionplan Agder

17 SAMARBEID
FOR Å NÅ MÅLENE





Kjappe fakta om Bykle kommune



Areal (km2)	
Areal	1 467,1
Landareal	1 247,7
Bebyggd/samferdsel areal	8,5
Ferskvatn	219,4
Jordbruksareal	3,1
Verna areal	919,6


Folk	
Folketal	1 011
Andel kvinner	48,1 (Agder: 49,8)
Andel i tettstad (SSB)	66 %
Gjennomsnittsalder	menn 42,4 - kvinner 42,3
Forventa levealder	menn 81,0 - kvinner 86,1
Personar per hushald	1,97 (Agder: 2,15)

Tenester	
Barneskular	2 (66 elevar)
Ungdomsskular	1 (34 elevar)
Vidaregåande skular	Setesdal vgs
Tannklinikk	Bykle
Fylkesveg (km)	2



Samfunn	
Administrasjonssenter	Bykle
Interkommunalt politisk råd	Setesdal
Sentralitetsklasse	6
Distriktsindeks	47,0
BA-område	BA45 Bykle



Befolkning og demografi



SSB spår befolkningsauke i Bykle som følge av fødselsoverskott, positiv innlands flytting og positiv netto innvandring.




Dersom SSB's framskrivning slår til, vil aldersbæreevna minke frå dagens 4,3 til 2,8 i 2040. Aldringa er sterkare i Bykle enn snittet for Agder.

Befolkningsutvikling

Frå 2018 til 2023 auka folketalet i Bykle med 37 personar (3,9 %).

Innvandring til byane, aldring, og ynskje etter nærleik til service/tenester og arbeidsmarknad gjer at mange kommunar kan oppleve vekst i kommunesenter og tettstader sjølv om folketalet samla går ned.


I Bykles tilfelle har Hovden grunnkrets vakse med 47 personar og Hoslemo med 6. Bykle grunnkrets gjekk likevel ned med 18 personar i same periode.



Bustadbygging

- I perioden 2018-2023 ble det igangsett i gjennomsnitt 4 bustader i året, hvorav ca. 42 % einebustader.


Igangsatte boliger - SSB 05940



Bustadmasse

- Det er 689 bustader i kommunen (budde og ubudde).

Boligmassen per 2024 (andel i prosent) - SSB 12941





Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar

I Regionplan Agder 2030 teiknast et framtidsbilette der Agder i 2030 lukkast med å bruke det grønne skiftet til innovasjon og verdiskaping i privat og offentlig sektor. Utvikling og bruk av ny teknologi har medverka til å løyse store miljø- og klimautfordringar. Agder har utnytta moglegheitene innan digitalisering, automatisering og kunstig intelligens. Sirkulær økonomi, der ressursar og produkt blir gjenbrukt er et hovudprinsipp for næringsutvikling og vekst.



Sysseissetting

Regionale forskjellar:


- Lågast sysselsettingsandel helt aust i Agder, og høgast andel i dei aller minst sentrale kommunane.

Bykle:

- Høgare sysselsettingsandel en fylket, og over gjennomsnittet for landet.

20-66	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Bykle	80,7	82,8	78,5
Agder	73,6	76,6	70,6
Norge	77,2	79,5	74,8



[Rapport sysselsetting](#)



Bu- og arbeidsmarknader

- Bykle er senterkommune for Valle, men låg sentralitet gjer at heile 77 % av sysselsette med bustad i Bykle arbeider i Bykle per 4. kvartal 2023 (SSB). 5 % arbeider i Valle kommune.


*Definisjon:
Ein region med felles marknader for arbeidskraft og arbeidsplassar, der innbyggerane ikkje treng å flytte eller bruke vesentlig tid på å reise for å arbeide*




Kommunens viktigaste pendlingsrelasjonar per 4. kv 2023 (SSB)

Sektorfordeling og tilsetteutvikling

Sysselsatte per sektor, 4. kvartal (SSB 13472)





Sysselsatte per sektor, 4. kvartal 2023 (SSB 13472)



Bykle har ein lågare andel tilsette i privat sektor enn snittet for Agder og Norge. Andelen har variert mykje i perioden frå 2018-2023.

Sektor	Bykle		Agder	Norge
	Antall	Andel		
Offentlige eide foretak	39	5,9 %	2,5 %	4,0 %
Fylkeskommunal forvaltning	3	0,5 %	2,3 %	1,7 %
Statsforvaltningen	5	0,8 %	9,5 %	11,6 %
Kommunal forvaltning	216	32,7 %	22,2 %	18,2 %
Privat sektor	398	60,2 %	63,4 %	64,5 %

Næringsstruktur – 4. kvartal 2023




Hovden hytteservice AS (Grunnarbeid) er den største private arbeidsgiveren i Bykle (bygg- og anleggsbedrift).

Den største industribedriften er Bykle vindu AS avd. Bykle.




Levekår, likestilling, inkludering og mangfold

Regionplan Agder 2030 teiknar eit framtidsbilde der Agder er ein attraktiv region å bu i, arbeida i og besøkje. Byane, tettstadene og bygdesentera er trygge og attraktive stader med identitet og innovasjonskraft. Stadene er kompakte, tilrettelagt for alle, uansett funksjonsevne, og ivaretar behova som både minoritetsgrupper og ein stadig aukande andel eldre har.



Grunnskulepoeng

- Bykle ligg over fylkessnittet for grunnskulepoeng de siste 5 årene.
- Det er ikkje statistikk tilgjengelig for 2023.
- Grunnskulepoenga for 2020, 2021 og 2022 er basert på standpunkt, sidan eksamenar blei avlyst under pandemien. Dette gjer at grunnskulepoenga for desse åra ikkje utan vidare kan samanliknast med andre år.




Gjennomføring vidaregåande opplæring

- For 2017-kullet var gjennomføringsgrada i kommunen 91,7 %. Dette er mykje høgare enn snittet for Agder.
- Tabellen under viser fordeling av 1. ønske-søkere til vgo for 2023.

Utvalg	Kjønn	Yrkesfag	Studieforb.
Bykle	Begge kjønn	25,0 %	75,0 %
	Kvinner	0,0 %	100,0 %
	Menn	33,3 %	66,7 %
Agder	Begge kjønn	56,7 %	43,3 %
	Kvinner	50,4 %	49,6 %
	Menn	62,9 %	37,1 %



Gjennomføring vgo, begge kjønn, alle utdanningsprogram




Rapport gjennomføring

Lærekontraktar kommunal og privat sektor

- Bykle er ein av åtte kommunar som har nådd målsetjinga om tre lærekontraktar i kommunal sektor per 1000 innbyggjarar i 2024.
- Bykle har 3 lærekontraktar i kommunal sektor.
- Bykle har 10 lærekontraktar per 1000 innbyggjarar i privat sektor (2024).



Deltid kvinner 20-66 år





20-66 år	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Bykle	21,2	15,4	29,0
Agder	30,9	18,6	44,6
Norge	25,4	16,3	35,4

Rapport deltid kvinner


Deltidsandel kvinner 2022

20-66 år



Sysseletjing etter landbakgrunn

- Blant innvandrarar – og særleg innvandrarar frå Gruppe 2-land – er det ein betydeleg lågare sysseletjing enn befolkninga elles.
- Tala understrek verdien av ei målretta satsing på kvalifisering og inkludering av innvandrarar frå Gruppe 2-land til arbeidslivet.




[Rapport sysseletting](#)

Vedvarende lavinntekt

- Inntekt og økonomi er grunnleggande påverknadsfaktorar for helse, og forskning har vist at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand.
- Låginntekt aukar sannsynet for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død.
- Andel personar i hushald med låginntekt har auka meir i Agder enn i Norge elles.

Rapport lavinntekt




Andel personer i husholdninger med vedvarende lavinntekt (EU60)



Tannhelse

- Den offentlige tannhelsetenesta overvakar tannhelsa i den unge befolkninga gjennom systematiske registreringar av antal nye hol, tannflater med fyllingar og tapte tenner (DMFT).
- Registreringane gir eit grovt mål på utviklinga i tannhelsa over fleire år, og gjev moglegheit for å samanlikne tannhelsa mellom kommunar, fylke og gjennomsnitt for landet.

[Rapport tannhelse](#)






Klima og miljø

Regionplan Agder 2030 teiknar eit framtidsbilde der Agder har redusert klimagassutslepp med minst 45 prosent. Nødvendig infrastruktur for eit fullelektrisk samfunn er bygd ut, mens informasjons- og kommunikasjonsteknologi har gjort det enkelt å velje den mest klimavennlige løysinga for innbyggjarane og besøkande. Natur- og landbruksområder er ivaretatt for framtidige generasjonar, og er ein del av regionens ressursgrunnlag og identitet.




Klimagassutslepp – referansebanar

- Regionplan Agder har mål om at årlige utslipp skal reduseres med 55 % i 2030 sammenlignet med 2017.
- Figuren viser referansebane for utslipp med utgangspunkt i vedtatt nasjonal politikk.
- Referansebanen ligger langt over målbanen som må følges for å redusere utslippene med 55 % i 2030 sammenlignet med utslipp i 2017.



Elektrifiseringsgrad per sektor

- Målbildet Electric Region Agder 2030 handlar om å utnytta eit av regionens globale fortrinn for å realisera ein visjon om eit Agder kor alt er elektrisk, alt er fornybart.
- Dette skjer gjennom å elektrifisera samfunnet ved å erstatta fossil energi med fornybar elektrisitet.



[Rapport elektrifisering](#)



Klimagassreduksjon i Bykle

7 354

Dagens
Klimagassutslipp
(tonn CO2-ekv)

2 326

Klimagassutslipp ved
fullelektrifisering*
(tonn CO2-ekv)

68 %



Redusert
klimagassutslipp etter
elektrifisering

Arealressurser

Per 2022 er 65 % av Bykle dekt av open fastmark, 17 % skog, 15 % ferskvatn, 2,5 % myr, medan fulldyrka jord utgjør 0,1 %. Bebyggd areal og samferdsel utgjør til saman 0,5 %.


Ca. 62 % av arealet i Bykle er vernet etter naturmangfaldlova.

Samlet for Agder er 16,3 % av arealet vernet.



Planlagt arealbruk

- Regionalt arealreikneskap er utarbeida ved å samanstille kommuneplanen sin arealdel, digitale reguleringsplanar, arealressursdata (AR5 og AR50) og SSB sitt datasett for arealbruk.
- Regionalt arealreikneskap viser at Bykle har satt av store areal, og då særleg til fritidsbustader.
- Samla er det sett av byggeområde i natur tilsvarande 7 dekar per innbyggjar.
- Gjeldande planar opnar for utbygging av meir enn 5 000 dekar skau og nesten 1 000 dekar myr.



Fritidsbebyggelse og eiere

- Det er ca. 2800 bruksenheter til fritid i Bykle, og ca. 5300 eiere (alle eierandeler inkludert).
- Figur gir en oversikt på antall hytteeiere fordelt på kommuner.
- Kristiansand er største «hytteeierkommune».

